

Grunngeving Spirestipend 8. juni 2026

5 stk:

- Håstein Gard (Stad)
- Balestrand Technologies (Sogndal)
- EdBox (Måløy/Sogndal)
- Gordon Hotell (Gloppen)
- Seljeset Gard (Hornindal)

Dette Spirestipendet går til eit prosjekt som handlar om ei ny bedrift under etablering, men også om noko langt meir.

Det handlar om å flytte heim. Om å satse der andre flyttar frå. Om å sjå moglegheiter på ein stad der mange kanskje berre ser eit fråflytta småbruk og ei avsidesliggende øy ytst i havgapet.

Bak prosjektet står to unge, ambisiøse kokkar med erfaring frå Michelin-restaurantar i både Norge og ute i Europa. Dei kunne valt storbylivet vidare. I staden har dei vald å flytte til Sogn og Fjordane for å bygge noko heilt nytt, med utgangspunkt i jord, hav, matkultur og berekraft.

Gjennom prosjektet vil dei skape både eit levande småbruk og eit nytt reisemål for lokalmat og opplevingar, der folk kan kome tettare på både råvarene, naturen og historia bak maten vi et. Staden det handlar om er ei øy i havgapet: Barmen i Stad kommune.

Juryen har særleg lagt vekt på kombinasjonen av høg fagleg kvalitet, sterk lokal forankring og ein tydeleg vilje til å skape framtidig verdiskaping i distrikta, på naturen sine premiss.

Dette er eit prosjekt med både mot, identitet og retning. Og eg er ganske sikker på at vinnaren denne veka fekk ein ekstra inspirasjon ved at ein allereie etablert liten restaurant i distrikts-Noreg bygd på lokale råvarer, Kvitnes Gård i Vesterålen, denne veka oppnådde den høgste status ein kan få i matverda: Ei Michelin-stjerne.

Vinnar av Spirestipendet er Håstein Gard på Barmen i Nordfjord

Drivkraft

Dette Spirestipendet går til ein ung gründer som har sett eit konkret problem i sin eigen arbeidskvardag, og bestemt seg for å prøve å løyse det.

Gjennom arbeid i tunnelbransjen har vinnaren sett korleis tungt, manuelt og til dels risikofylt arbeid framleis pregar norsk anleggsindustri. Der andre kanskje ville tenkt at «slik er det berre», har denne gründeren byrja å utvikle ei ny teknologisk løysing for tryggare, smartare og meir effektiv tunneldrift.

Det juryen har merka seg er ikkje berre sjølve idéen, men måten prosjektet allereie er i ferd med å bli bygd opp på. Her ser vi ein ung gründer som forstår verdien av samarbeid og kompetansebygging, og som har kopla seg på både industrimiljøet i Høyanger, tunnelmiljøet i regionen og Kunnskapsparken Vestland sitt inkubatormiljø for å utvikle prosjektet vidare.

Prosjektet kombinerer praktisk erfaring frå tunnelarbeid med teknologiutvikling, prototypebygging og testing i reelle arbeidsmiljø. Målet er ikkje berre å spare tid og kostnader – men også å redusere fysisk belastning, betre HMS og skape meir berekraftig drift.

Dette er eit prosjekt som viser at innovasjon ikkje berre skjer på kontor og laboratorium, men også langt inne i fjellet – i hjartet av Sogn.

Vinnar av Spirestipendet er Balestrand Technologies

Drivkraft

Dette Spirestipendet går til ein ung gründer som ikkje berre tenker på si eiga bedrift isolert, men på korleis framtidens landbruk, ja for å bruke endå større ord – framtidens samfunnsberedskap – kan sjå ut.

Med utgangspunkt i familiegarden er vinnaren godt i gang med å bygge opp både gardsmeieri og eit nyskapande energianlegg. Men det som verkeleg har imponert juryen, er evna til å tenkje vidare.

Korleis kan ein skape meir verdi av ressursane ein allereie har? Korleis kan energi, matproduksjon, reiseliv og berekraft spele saman i eit nytt kretsløp? Og korleis kan dette bidra til både lågare miljøavtrykk og eit sterkare økonomisk grunnlag for bonden?

Her handlar det ikkje berre om ei løysing for ein enkelt gard i Hornindal i Nordfjord. Det handlar om å utvikle modellar som kan inspirere fleire, og om å vise at ein heilt vanleg vestlands-gard kan vere arena for å tenke radikalt nytt om framtida – i samarbeid med framstående Forsknings- og industrimiljø.

Juryen har lagt vekt på kombinasjonen av gjennomføringsevne, framtidstru og mot til å satse langsiktig. Dette er ein søkar som allereie har vist at han evnar å få idear ut i praksis, og som no ønsker å bruke kunnskap, nettverk og nye impulsar til å utvikle neste steg vidare.

Dette er gründerkap med røter i jorda, og blikket festa framover.

Vinnar av Spirestipendet er Ivar Børge Seljeset og Seljeset Gard

Drivkraft

Dette Spirestipendet går til ei bedrift som tar tak i ei utfordring svært mange elevar, studentar og lærarar kjenner på: Korleis får ein fleire til å delta aktivt i læring og faglege diskusjonar?

Bak prosjektet står ein ung gründer frå Måløy som juryen har merka seg. Ikkje berre for sjølve idéen, men for gjennomføringsevna, arbeidskapasiteten og viljen til å bygge noko frå botnen av. Medan han fullførte studium i Sogndal og jobba ved sidan av, bygde han samtidig opp det som er i ferd med å bli ei lovande teknologisatsing med utspring frå Sogn og Fjordane.

Løysinga kombinerer teknologi, kunstig intelligens og pedagogikk på ein måte juryen meiner er både smart, konkret og framtidsretta. Gjennom anonym fagleg dialog får fleire studentar moglegheit til å stille spørsmål, delta og lære – utan terskelen mange opplever i store auditorium.

Det som særleg har imponert juryen, er at dette ikkje berre er ein idé på papiret. Prosjektet er allereie testa ut på utdanningsinstitusjonar med lovande resultat, og selskapet har byrja å bygge nettverk også internasjonalt.

Her snakkar vi om ein gründer med stort driv og eit selskap med røter i Sogn og Fjordane, men med potensial langt utover regionen vår.

Vinnar av Spirestipendet er EdBox AS

Drivkraft

Dette Spirestipendet går til ein ung gründer som har sett moglegheiter der andre såg eit slite bygg som tida hadde gått ifrå.

Som 26-åring har vinnaren kjøpt eit historisk hotell frå 1800-talet og gått i gang med det som må kallast eit ekte gjenreisingsprosjekt. Her handlar det ikkje om rask skalering og glansa powerpointar, men om hardt arbeid, lange dagar og vilje til å bygge stein på stein – eller glavablokk på glavablokk.

Juryen har blitt imponert over kombinasjonen av gjennomføringsevne, lokal forankring og eit svært tydeleg konsept. Målet er å skape meir enn berre ein stad å sove. Dette skal bli ein møteplass for både bygdefolk, tilreisande og næringsliv, bygd på kvalitet, vertskap, natur og ekte opplevingar.

Prosjektet treff også noko viktig i tida vi lever i: Ønsket om det personlege og autentiske. Samtidig handlar dette om noko større enn eitt hotell. Det handlar om å skape aktivitet, arbeidsplassar, stoltheit og nytt liv i eit lokalsamfunn.

Og kanskje viktigast av alt: Dette er ikkje berre ein draum. Arbeidet er i full gang. Veggjar er rivne, rom blir bygde opp att, og eit nytt kapittel i den stolte historia til Gordon Hotell er i ferd med å ta form ved Breimsvatnet.

Vinnar av Spirestipendet er R.E.N Eigedom /Gordon Hotell og Ruben Elvebakk Nesdal.